



Brua som no restaurerast vart bygd i 1936

**Uskedal Bru, blant dei lokalkjende som regel kalla Skulbruo, er under restaurering. Dei som dagleg passerar ho, og det er mange, slår fast at brua treng å verta rusta opp. Dekket er slite ned og 3 hol utløyser like mange smellar slik at hjulkapslane i verste fall forsvinn ut i elva. Men kva er eigentleg historia til brua og kvifor heiter det Skulbruo? Etter at Tor Bringedal tidlegare i vinter kom med boka om Kvinnherad frå 1837 til 1945 veit vi meir om dette og anna.**

Det var i 1860 spørsmålet om bru over Uskedalselva kom opp første gongen. Då kom det ein søknad frå 22 gardbrukarar i bygda til amtsformannskapet om å dekke to tredelar av kostnaden til ein slik investering. Heradstyret uttala at brua var 'av påtrengande nødvendighed' på grunn av den nye skulelova som gjorde det ønskjeleg å samla heile bygda til ein skulekrins.

Men heradstyret uttala at Uskedalen var 'ei mindre formuande bygd' og bad om hjelp frå amtet. Skulekommisjonen gjekk inn for det under føresetnad av at innbyggjarane sjølve dekte kostnader med materialar, transport og arbeid. Men oppsittjarane på Myklebust, Kjerland og Dønhaug søkte om å få sitt eige skulehus på austsida av elva for å sleppa brukostnadane.

Brua vart likevel bygd i 1863 i samband med skulesaka. Ho kosta omlag 40 spesiedalar og brukarane gav mange dagsverk. Kaptein Christian Dahl betalte Hans H. Døssland for materialane, og sokneprest Bessesen skøyttte også til.

Etter 20 år var ho nærmast falleferdig og Torgeir Olson Døssland fekk jobben med ei ny bru for 825 kroner. Banken ytte eit lån på 525 kroner. Neste bru vart bygd i 1936 og den vart av betong. Ein freistnad på å sprengja ho under kampane i 1940 vart ikkje vellukka.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen  
Foto: Bringedals bok



Dekket i brua frå 1936 treng sårt opprusting



Bruskifte i 1936 i Uskedalen, nybrua til høgre